

# Ørsta Rotaryklubb på bedriftsbesøk hos Boska Industriteknikk: Høgteknologi i Strandgata



Geir Boska viser fram råstoffet til sprøytestøypinga for medlemmene i Rotary. Råstoffet blir smelta og omforma til den ferdige plastdelen. Overskotsmasse kan brukast som nytt råstoff slik at svinnet er svært lite.

Boska Industriteknikk produserer høgkvalitets plastdelar i sterk konkurranse frå Asia. Å drive med slik produksjon er nærast naturstridig, men bedrifta i Strandgata hevdar seg i konkurransen. Medlemmene i Ørsta Rotaryklubb blei imponert over produkta som Boska produserer.

Boska Industriteknikk starta nokså tilfeldig på midten av 1980-talet. Då blei Geir Boska kjend med sprøytestøyping som teknologi. Medan det i starten var nokså enkle produkt som blei produsert, slik

som leikespader og plenriver, så blir det no produsert høgteknologiske produkt til industrien.

I dag er Boska leverandør av høgkvalitetsprodukt i dei aller fleste plasttypene. Bedrifta har store og viktige kundar, slik som Rolls-Royce, Jets, møbelfabrikkar og oppdrettsnæringa. Om kundane er få i talet, så er det gode og nære kundar, seier Boska.

## Intens konkurranse frå Kina

Føremonene har Boska på kort leveringstid på små seriar. På store seriar er det vanskeleg å konkurrere med kinesisk produksjon. Konkurransen frå Asia er intens,

men Boska Industriteknikk maktar å halde stand fordi selskapet ikkje har noko mellomliggjande salsledd. Eit slikt salsledd ville ha kravd eit påslag som ville ha utkonkurrert ørstabedrifta.

Å drive med industriell plastproduksjon i Noreg er noko naturstridig, medgir Geir Boska. Og Boska sitt engasjement er meir interessestyrt enn prega av ønsket om rask forteneste.

I tillegg til sprøytestøyping driv Boska Industriteknikk blant anna med 3D-print. Ein kan bruke 3D-print til det meste, seier Boska, og viser fram ein modell av ein fullt funksjonell skiftenøkkel.



3D-print kan produsere «kva som helst» tredimensjonalt, slik som for eksempel ein skiftenøkkel med rørlege delar.



Boska Industriteknikk produserer også modellar; Denne viser Taffjord Kraft sitt nedslagsfelt. Etterarbeidet blir utført av Olav Baarøy. Ragnar Myklebust og Bjørn Winjevoll i yrkesnettverket Rotary er imponert over handverket.